

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 25. januar 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Vitensenter Sogn og Fjordane – utvikling av den fylkeskommunale eigedommen på Kaupanger

Kaupanger Næringsforening har skipa selskapet Kaupus as. I brev av 14.12.16 har dei bedt om fylkeskommunal deltaking i utviklinga av eit prosjekt med mål om å etablere eit vitensenter på Kaupanger. Målsettinga er at ein i løpet av 2017 skal ha utarbeida eit forprosjekt som skal danne grunnlag for å realisere eit byggeprosjekt. Fylkesrådmannen vil med dette notatet informere FU om saka og vår påtenkte medverknad i prosjektet.

Om prosjektet

Det er førebels utarbeida ein forprosjektplan for prosjektet. Dette med bakgrunn i at Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane i 2016 laga ei moglegheitsstudie for næringsutvikling på Kaupanger. Denne studien peika m.a. på behovet for ein møteplass for fagleg utvikling og nettverksbygging, etablering av «makers space» for testing og nyskaping og trongen for å utvikle ein marknadsføringsstrategi med gjennomføring av konkrete tiltak.

I forlenginga av dette er det utvikla ein ide med bygging av eit signalbygg på den fylkeskommunale tomte som ligg sentralt på Kaupanger like ved Rv 5. Ein tenkjer då ein sambruk med den vidaregåande skulen sine programområde som alt er etablert på her.

Eit slikt bygg kan gi rom for:


- nye lokale for den vidaregåande opplæringa
- eit vitensenter for utdanningsinstitusjonar, næringslivet og ålmenta
- eit samlingspunkt for næringsliv, kompetansedeling og innovasjonsarbeid

Fleire bedrifter og organisasjonar er utfordra til deltaking i prosjektet. Vi kan nemne Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning, Sogn Næring, Innovasjon Norge m.fl. For den delen som går på vitensenteret har Vil Vite senteret i Bergen stadfesta sin representasjon i prosjektet.

Fylkeskommunen si rolle og interesse

Slik fylkesrådmannen ser det må det primært vere vår interesse å ivareta og utvikle lokalitetar til den vidaregåande opplæringa på staden. Sogndal vidaregåande skule har i dag undervisning for Vg3 Yrkessjåførfaget (landslinje yrkessjåfør), delar av Vg2 Transport og logistikk og Vg2 anleggsteknikk på staden. I tillegg kjem ein del kursverksemd t.d. i høve sertifisering for sjåførar. Skulen ynskjer sterkt betre lokalitetar for å ivareta og vidareutvikle desse programområda.

Vidare er det interessant å utvikle eigedommen primært som eigar og ev skaffe lang-siktige leigetakarar dersom det skal byggast meir areal enn det fylkeskommunen sjølv har trong for. Fylkesrådmannen ser det ikkje som god eigedomsforvaltning å ev selje ut tomteareal for deretter å binde seg til langsiktige leigeavtalar i eit nybygg.



Kartutsnitt fylkeskommunale eigedommar på Kaupanger

Bygge- og eigedomssjefen har uavhengig av dette prosjektet og i samarbeid med den vidaregåande skulen, starta eit program- og utviklingsarbeid for eigedomane på Kaupanger. Dette fordi dei bygningsmessige fasilitetane fylkeskommunen i dag har på anlegget er i relativt dårleg stand. Ved sist tilstandsanalyse (2012) fekk desse bygga karakter med tilstandsgrad 2 og 3, noko som indikerer markerte og sterke symptom med trong for strakstiltak i høve vedlikehald og rehabilitering.

Deler av bygningsmassen er modulbygg/brakkjer som vart sett opp i 2004 etter at dei opphavlege undervisningslokala vart brann- og røykskadde. Dei andre bygningane er frå 1983 (Hansabygget) og 1971 (Hendenbygget). Skulen sine framtidige behov og moglegheiter må uansett analyserast og klarleggast om vi skal vidareutvikle desse i eigenregi eller gjennom eit fellesprosjekt som eit ev vitensenter kan vere eit døme på.

Fylkesrådmannen ser det slik at ei deltaking i prosjektet er tenleg og kan opne interessante moglegheiter og vinn/vinn løysingar. Fylkesdirektør for opplæring Bekka Skaasheim og bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund er peika ut til å representere fylkeskommunen i dette arbeidet.

Fylkesrådmannen vil vidareføre dette arbeidet dersom FU ikkje skulle ha merknader til dette.